



Innkalling

Studieprogramråd for vernepleie

Møtedato: 03.03.2020 kl. 13.00 – 15:00

Møterom M6-639/ Stort møterom Foss/ Skype

Møtt: Unni Margrethe Uren Aasen, Ingvild Hollekve, Tanja Holum, Sander Rød, Hege Cathrin Aarlie, Beate Lilleheil, Asbjørg Bjørkedal, Mai Lereng 2018, Mari Svinkv 2019, Borghild Hjellestad deltidsskullet

Ikkje møtt: Ann Jeanette Sandveen, Borghild Soltvedt, Katinka Davidsen Hjermundrud, Silje Haugland

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/20 Godkjenning av innkalling og saksliste		Innkalling og saksliste skal godkjennes med evt. kommentarer	Fagseksjonsleder	2 min
Referat: Velkommen til møtet. Sakliste godkjent.				
2/20 Implementering og oppfølging av kvalitetsarbeid i studieplan	Vedlegg:		Fagseksjonsleder innleider og orienterer	10 min

	 Revidert Bach i vernepleie etter beh		
--	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--	--

Referat:

Fagseksjonsleiar informerer om ny studieplan.

Endringar:

Den største endringa vil vere praksis, men det vil og bli endringar i emnestrukturen.

1.året er det eit nytt emne, **VPL110 Danning og akademisk handverk**, som går frå august til oktober. Emne omhandlar akademisk og yrkesfagleg danning.

- Utdanninga har fokus på menneske si utvikling og læring.
- Miljøterapeutisk arbeid er gjennomgående i heile utdanninga.
- Det vert lagt opp til kunnskapsbasert praksis.

I Sogndal har me hatt TPS-praksis. Erfaringa me sit att med er at denne praksisen ikkje er brukar-retta nok, men at det har vore positivt å jobbe i prosjektarbeid. Emne før bachelor, **VPL310 Kritisk refleksjon, prosjektarbeid og innovasjon**, er oppbygd etter TPS-emne.

Helsefagleg tema er gjennomgåande i studieplan. Emne er yrkesretta og vil innehalde:

- teori
- øving/simulering
- studentaktive læringsformer

I den nye studieplanen er vurderingsformer og undervisningsformer i tråd med forskrift om studium og eksamen ved høgskulen.

Obligatorisk undervisning vil gå over til aktivitetsretta undervising der obligatorisk læringsaktivitetar som f.eks testar, seminar og simulering.

Høgskulen er i gang med å bygge opp øvings -og simuleringarena i Sogndal. Dette gjer at ein vil få meir fokus på studentaktivitet i emne.

Tema som likestilling, jus, forståing for kulturforskellar er spesifisert i RETHOS-emna.

På spørsmål om ein skal innføre habilitering og rehabilitering praksis, svarar fagseksjonsleiar dette:

«Me skal holde oss oppdatert på fagmetodane ein brukar i fagfeltet, og tilpasse dette i praksis. Ein vel å konsentrere seg om nokre modellar i emne, til dømes kan ein av modellane vere *anvende metode*.»

Det kjem innspel på at utdanninga bør tilby 30 studiepoeng i adferdsdanning, som kan følgje studentane i utdanningsløpet. Etter forskrifa, og i ny studieplan vil dette emne vere 7,5 studiepoeng.

På programnivå punkt 4 står det inkludering, deltaking og rettleiing. Her vil ein ha gruppearbeid der det ligg til rette for å kunne debattere på samfunnsnivå. I akademisk danning vil studentane få erfaring med kommunikasjon, drøfting/debattere og samarbeide.

Vurderingsform i emne VPL100 Vernepleie, fag og profesjon:

Fagseksjonsleiar ber om innspel på vurderingsform i emne, utfordringa er at vurderingsform er gruppeinnlevering.

Tilbakemelding :

Legg ei formulering om vurderingsform i innhold og oppbygging.

Obligatorisk læringsaktivitet kan til dømes vere at studenten dokumenterer prosessen.

Utfordringa med eksamen er at den skal stå i høve til læringsutbytte.

Kan ein arrangere ein kommunikasjonseksamen der obligatorisk læringsaktivitet er kommunikasjonskrav? Eksamens kan innehalde kommunikasjon/film og bli gjennomført som digital innlevering.

Ved innlevering i gruppe på masteroppgåve, der oppgåva består av x tal på oppgåver, må studentane bidra med kvar sin del og bli vurdert for sitt bidrag, men og få ein samla karakter.

Praksisfag:

VERNP1, Praksis - miljøterapeutisk arbeid:

Arbeidsplan/praksisplan og arbeidskrav står ikkje i forhold til kvarandre. Utdanningsutvalet har vedteke at ein ikkje kan ha obligatorisk læringsaktivitet i praksis, så ein flytter arbeidskrava til *innhold og oppbygging*, og hentar formuleringa att i vurderingsform.

Kvífor bytte om på 1. og 2. praksis?

Det er ikkje lagt opp til miljøpraksis først, men studenten vil komme ut i miljøpraksis 2. studieår.

I Helsefag kunne ein ikkje ha fagleg forkunnskapskrav sidan vernepleieidentiteten ikkje var oppfylt.

Det kjem innspel på at det er positivt at ein har spesifisert kor mykje rettleiing studentane skulle ha i praksis.

Fagseksjonsleiar seier at det er jobba mykje med forventningar og avtalar med praksisfeltet. Det vil heller ikkje oppstå problem med at praksisperiodane vert samkjøyrte sidan ein har eit godt samarbeid og avtalar på tvers av campus.

Rus:

I den nye studieplan vil ein ha fokus på rus og psykiatri vår og haust i 3.studieår.

Vald og valdsutsette barn (samt vald i jobben) er tema i emneplan. Læringsutbytte i emne vil vere å analyse teori.

Seksualitet og psykisk utviklingshemming vil bli vidareført som tidlegare.

Bachelor:

Bacheloremne startar opp i 6. semester. Me ynskjer å ha ei meir brukar-retta fokus i bacheloroppgåvene.

Det kan vere at framtidige studentar kan søke om å nytte forsking frå norsk senter for forskingsdata.

Det vert jobba mot å få ei felles løysing for forskingsmidlar til bacheloroppgåve, der me og vil legge vekt på digitale løysingar i emne.

Progresjonskrav:

Ein opnar opp for at ein kan ha heng i eksamen på vårsemesteret. Studenten får oppstart i nytt studieår og rekk å ta opp att eksamen, og få svar på eventuelt klage på sensur før ein vert stoppa av progresjonskrav.

Fagmiljø:

På vernepleie har me to nye fagmiljø som har jobba godt saman. Me har prøvd å ta vare på dei gode erfaringane frå begge campus.

3/20 Orientering om fellesemnet Danning og akademisk handverk	Vedlegg:  Emneplantilepn.do cx		Fagseksjonsleder orienterer	10 min
------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--	-----------------------------	--------

Referat:

Emnet er utarbeida i fellesskap mellom alle fakulteta. Dette er eit emne som alle på helse og sosialfagutdanninga vil ha i sitt utdanningsløp. Vernepleie har justert emne slik at det passar vår utdanning og det er kopla opp til læringsutbytta våre, og vil sjåast i samanheng med yrke og teori.

Emne omhandlar mellom anna:

- berekraft
- kulturforståing
- global forflytting
- migrasjon

Vitskapsteori og metode vil vere gjennomgåande i alle tre åra. Det vil vere forankra i å løyse ulike type oppgåver, gjerne i forkant av å søke i artiklar der ein brukar teori og metode.

Vitskapsteori er ikkje nemnt i forskrifter, men NOKUT og KD har rammer å gå etter.
Me vel å ha emne som grunnkunnskap i utdanninga.

4/20 Resultat av studiebarometeret	 Vernepleie_bachelorstudium_Sognda Vedlegg:  Bachelor_i_vernepleie.pdf  Vernepleie_bachelorstudium_deltid_  Studiebarometeret presentasjon studiepr			20 min
-------------------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--	--	--------

Referat:

Kort orientering av fagseksjonsleiar (vedlegg.)

Tilbakemelding:

Det ser ut som de har teke nokre grep i rett retning i ny studieplan.

Studentaktive læringsformer gir ei anna type rettleiing. Me kjenner oss att i studiebarometeret og ynskjer å bli betre på dei innspela som har komme fram. NOKUT vil sjå på spørsmåla i undersøkinga . Tilbakemeldinga er at undersøkinga kunne vore meir spissa.

<p>Digitale studentverktøy: Time Edit og Canvas «snakkar» ikkje saman. Det burde vore sett krav om system som samsnakkar, og ein må satse på opplæring i desse systema. No må ein ha både Canvas-appen og Timeplan-app for å halde oversikt over emne.</p>				
5/20 Praksisprosjektet og internasjonalisering				
Referat:				
<p>Hege Cathrin Aarlie informerer: Praksis/ læringsarena og helse/sosialfag er knytt til dette praksisprosjektet.</p>				
Internasjonalisering:				
<p>Det er ulik praksis for internasjonalisering. Me må gå gjennom avtalar å sjå kor me vil forlenge praksisavtalar. Heile fakultetet er representert i prosjektet, ein har ulike tradisjonar og dette forsøker ein å ivareta. Alle ledd i internasjonalisering skal vere kartlagt, og dette arbeidet er i gang. Utreise skal vere Campusuavhengig. Det er ønskeleg å få opp tall på innreisande studentar, her kartlegg ein avtalar i utlandet og me skal vere rustar for å ta i mot fleire studentar, sjølv om dette kan by på nokre administrative utfordringar</p>				
TPS				
<p>Tverrfagleg arbeid er representert ved fakultet for helse og sosialvitenskap på 5 campus + bioingeniør. Det vert utarbeida felles avtalar i TVEPS Sogndal/Bergen der Bergen er aktørar i prosjektet. Det vil vere eit undervisningskurs på 10 timer, der ein gjennomfører tiltak og prosjektarbeid. (Dette er ikkje innført i Sogndal.) Me er open for at eksterne deltek i våre prosjekt. Digitale undervisingsopplegg på tvers av Campus saman med sjukepleiestudentar i Stord/Haugesund. Me tek med oss dei gode erfaringane frå kvart Campus.</p>				
6/20 Kriterium for bruk av obligatorisk læringsaktivitet	Vedlegg: Kriterium for bruk av obligatoriske	Studieprogramrådet blir orientert om kriterium for obligatorisk læringsaktivitet ved HVL og kva konsekvensar dette medfører.	Fagseksjonsleder orienterer	15 min

	<p>læringsaktivitetar:</p>  vurdering-ved-hogskulen-pa-vestlandet-1.pdf Sjå side 10 Godkjent av Utdanningsutvalet HVL 11.12.1	<p>«Ordinære førelesingar eller læringsaktivitetar der faglærar har ordet og studentane er passive mottakarar av informasjon, oppfyller som hovudregel ikkje kriteria. Forelesningar som omhandlar tema, metodar eller kunnskap som studentane ikkje kan tilegne seg på anna måte, til dømes ved bruk av eksterne gjesteforelesarar, kan vere døme på slike unntak frå regelen»</p>		
--	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--	--

Referat:

Fagseksjonsleiar orienterer kort om obligatoriske læringsaktivitetar og tilrettelegging.

Ingen innspel.

7/20 Orienteringer

- Orientering om flytting til nytt bygg ved campus Bergen.
- Utfordringar med praksis i ny studieplan
- Utviklingsarbeid KBP mm

Referat:

Miljøpraksis:

At alle skal ut i miljøpraksis samstundes. Dette kan skape ei utfordring, som me jobbar med å få på plass.

NOKUT-midlar:

Det ver søkt om midlar til læringsressurs for desentralisert vernepleiestudium.

Nytt bygg i Kronstad:

Kort informasjon av Hege Cathrin. Overtaking 1.april, flytting 15.juni. Skal vere klart til studiestart.

7 /20 Eventuelt

5 min

Referat:

Ingen saker

